

Frå: Per Egil Juel (peregil.juel@gmail.com)
Sendt: 14.11.2017 11:25:22
Til: Roald Landoy
Kopi: Erlend Hofstad

Emne: Fwd: Bilder av løprosjektet.

Vedlegg:
IMG_0064.JPG;IMG_0056.JPG;IMG_0051.JPG;IMG_0020.JPG;IMG_0028.JPG;IMG_0054.JPG;IMG_0070.JPG;IMG_0085.JPG;IMG_0086.JPG;IMG_0088.JPG;IMG_0103.JPG;IMG_0112.JPG;IMG_0128.JPG;47196.pdf;47675.pdf;Kostnadsoverslag Julaloo.pdf;Søknad Julaloo vernogvol2016.pdf

Hei Roald

Sender her nokon bildene ein gong til i lag med kostnadsoverslag frå byggmester, samt to fakturaer frå byggmester. Har og lagt ved den opprinnelige søknaden om midler frå dykk. Tilskota frå andre instansar vart som eg satte opp det finansieringsforslaget. Finansieringa gjeld heile prosjektet, tilskota vert og brukt på deler av prosjekt som ikkje er satt i gong ennå. Som td. nytt låvegulv som g skal til med nå.

Ein liten beskrivelse av prosjektet som nå er utført og pengene frå Hordaland Fylkeskommune tiltenkt til:

*På omtrent halve taket vart all takstein tatt av slik at rote treverk under kunne byttast. Når det så var tett og trygt å leggje på taksteinene att vart det gjort. Dette for å sikre att tak vaert tett og sikkert! Om lag 60 takstein vart bytta ut/lagt i der det mangla.

* Samtidig taket vart tatt vart og kledning mot tunet mitt reve. Då nytta eg høve til å få med meg Klostervenene til å rydde ut det meste av gammalt høyg og rot som låg i løa. Er dei som på bileta er kleidd som "romvesen"... Ekstremt med støy som vart virvla opp når me jobba der. Diverre vart det klart at dess meir av løa som vart rydda, dess meir vart det klart at heile låvegulvet under må byttast. Var direkte farleg å bevege seg oppå det mange stadar. Men ingen uhell heldigvis.

*Heile kledninga mot tunet vart bytta ut. Om raudmala. Ende mot Klosteret vart og mala når ein først hadde stillas på plass for å fikse taket. Mot Kosteret malte ein oppå eksisterande kledning.

*Inne på låvebrua går det søyler til tak. Fleire av desse måtte byttast ut, taket hadde sege. Ein jekka då opp taket for å kunne bytte søyler. Søylena vart hogd til av tømmer med øks. Eit hardt og kravande arbeid. Det kjem tydeleg fram når du ser kor sveitt tømmeraren er!

* Viktig, berande/delvis berande trevverk vart bytta ut for å trygge løa. Eg er ikkje kjent med dei faglege namna på dei ulike typene.

Eg håpe dette i lag med vedlegga er tistrekkeleg rapportering. Om ikkje gi meg beskjed om kva som manglar.

Via Altinn fekk eg i går ei påminning om tildeling/rapportering etc. Rekne med eg ikkje skal gjer noko meir med dei skjemaene nå sidan eg har gjort det før?

Gi meg gjerne ei tilbakemelding på at dette er mottatt når du les mailen.

Mvh.
Per Egil Juel
Tlf 48131736